
Fra: Kenneth Murberg <kenneth.murberg@me.com>
Sendt: 30. mai 2015 23:15
Til: Jon Askeland
Kopi: Ann Christin Hoen; Finn Franzen; Silje Namtveit; Finn Frantzen; "Roy Bø (royboe53@gmail.com)"; Jarle Landås; Arthur Kleiveland; Lin Tove Thomassen; Normann Sæbø; Karolina Lien Vakt skjold; John Bauge; Charlotte Spurkeland; Frode Hervik
Emne: Re: Avklaring og tilråding i saka.

Hei

Til orientering så har jeg satt på noen sentrale personer fra Høgregruppa på mailen inkl. partisekretæren i Hordaland Høgre.

Løsningen som skissert av ordføreren kan være å betrakte som en løsning, dette med forbehold om status for nevnte kandidater.

Dersom det ender opp med at kandidatene av en eller annen grunn er misfornøyd med Høyre, grunnet nevnte forhold, så er dette en situasjon vi må vurdere nærmere.

Jeg tar også forbehold om Hordaland Høgre/Høgre sentralt sin uttale i sakens anledning.

Vil takke ordføreren for å gripe fatt i dette på en god måte, situasjonen tatt i betraktning!

Mvh
Kenneth

30. mai 2015 kl. 22.07 skrev Frode Hervik <frode.hervik@gmail.com>:

Hei alle,

Eg har vore svært travel fredag-laurdag og har ikkje hatt høve til å respondere, men ja det er ei pussig sak. Eg er samd med alt Ann Christin skriv i siste mail, og har ingenting å tilføye per no.

Frode

2015-05-30 18:34 GMT+02:00 Ann Christin Hoen <hoen.annc@gmail.com>:

Hei!

Eg ser det er vanskeleg å drive dialog på mail, då eg meiner at svaret til ordførar ikkje er svar på spørsmålet til Finn.

Eg vel å ta denne saka til etterretning om ikkje Høgre har nye moment/innspel til kva vi i valstyret no kan gjere annleis - for der er eg lydhør.

Ser det óg som heilt naudsynt at rådmannen går igjennom sine prosedyrar og dermed har fått ei ny sak på bordet, slik ordføraren skreiv.

mvh Ann C

2015-05-30 17:15 GMT+02:00 Frantzen <post@frantzensgartneri.no>:

Om eg har stemmerett som varamedlem så er saka ok for meg.

Er det då slik å forstå at om nokon trekkjer seg frå lista etter fristen for innlevering 31,3, så kan

partiet be om å få lista tilbake for å endra den?

Mvh. Finn

Den 30.05.2015 16:56, skrev Jon Askeland:

Departementet ber valstyret tolka korleis me skal løysa saka.

Problemstillinga er på den eine sida kandidatane sine rettar om å krevja fritak for å stå på liste. På den andre sida er det partiet v/ tillitsvald for lista sin rett til å forhandla med valstyret om å finna erstattarar.

Dei to er kontakta og veit at dei har rett til å krevja fritak, men godtek å stå på lista,- sjølv om dei er misnøgde med situasjonen som har oppstått.

Etter ei totalvurdering med desse fakta framlagt, er tilrådinga mi at valstyret ikkje tek oppatt saka.

Departementet understrekar informasjon om rett til å klaga på vedtaket innan 7 dagar. Det kan dei to kandidatane gjera, samt alle andre.

(det kan jo td vera andre parti som vil klaga). Ved ein klage har ein betre tid på seg til å få ei korrekt handsaming av alle partar i saka.

Det er å håpa at det ikkje kjem klage, då er saka løyst.

Så får rådmannen ta problemstillinga som utløyste det heile som ei sak for seg.

Eg ber samtlege av dykk senda svar på denne tilrådinga i løpet av kvelden.

Mvh Jon

Sendt fra min iPhone

Den 30. mai 2015 kl. 16.13 skrev Ann Christin Hoen

<hoen.annc@gmail.com<mailto:hoen.annc@gmail.com>>:

Har nett kome heim frå eit møte, og ser at mykje er avklart - men har framleis ikkje fått noko sakspapir ang. denne saka - eller avklaring om kva valstyret skal

gjere med saka - førebels forstår eg av sms at denne saka er på vent...

Ann C

2015-05-29 23:43 GMT+02:00 Jon Askeland

<jon.askeland@radoy.kommune.no<mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no>>>:
Hei!

Eg har i kveld fått melding frå Lin Tove, som er svært lei seg over å fortelja at det er oppdaga ein alvorleg rutinesvikt vedk søknad om fritak for å stå på valliste.

Det er innan fristen sendt to krav om fritak for å stå på partiet høgre si liste. Begge krava er blitt liggjande uopna og dermed uregistrert i administrasjonen.

Dette har fått den konsekvens at valstyret i går fatta vedtak på sviktande grunnlag.

Eg har lese gjennom vallova, som er tydeleg på at 1. juni er fristen til å godkjenna vallister. Begge krava om fritak oppfyller vilkåra og er innsende innan 1. april.

Kva gjer me så med dette?

Me er no blitt kjende med svikten innan fristen me har til godkjenning, så me har høve til å halda eit møte i morgon, evt. pr telefon, og ta oppatt sakene 3(krav om fritak) og 4(godkjenning av partilister).

Eg synest dette er forferdeleg trasig, og samstundes også eit dilemma. Eg kan i alle fall ikkje unnlata å informera dykk om dette som er vart kjend med kl 2130 i kveld (og adm ca kl 2030).

Oppsummert:

Eg tør be om at valstyret held eit telefonmøte i morgon og tek stilling til krava om fritak og godkjenning av partilistene.

Eg vil be adm syta for nødvendig hjelp til møteførebuinga.

Med helsing

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

[WWW.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no/)<<http://www.radoy.kommune.no/>>

[<cid:image001.jpg@01D09A68.232AACE0>]

